

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dato: 02.01.2019  
Vår ref.: 2018/17343-2  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.:

Att. Andreas Granli

## **Kulturminnefagleg fråsegn - Landbrukssak gnr. 38, bnr. 18 - Helland - Søknad om etablering av planeringsfelt - Radøy kommune**

Me viser til brev datert 12.12.18 i samband med søknad om etablering av planeringsfelt på gnr. 38, bnr. 18 i Radøy kommune. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Ut i frå vårt arkiv kan me ikkje sjå at tiltaket kjem i direkte konflikt med kjente automatisk freda kulturminne og potensiale for nye funn av automatisk freda kulturminne i det aktuelle området vart vurdert til å vera lågt. Me har difor ingen avgjerande merknader i saka, ut over at ei under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar av trekol eller konstruksjonar vart avdekt under gjennomføringa av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningsstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført så raskt som råd.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*